



International Federation of
Library Associations and Institutions

Retningslinjer for bibliotektilbod til barn i alderen 0–18 år

Utarbeidde av IFLA-seksjonen for bibliotektilbod til barn og unge
Redaktør Carolynn Rankin

Andre utgåva (revisjon av retningslinjene frå 2003)
Versjon 1.1.1

Juni 2018

Godkjende av fagutvalet i IFLA
august 2018



IFLA-seksjonen for bibliotektilbod til barn og unge
Redigert av Carolynn Rankin, 2018

Takk

IFLA-seksjonen for bibliotektilbod til barn og unge takkar alle som har vore med og gått gjennom retningslinjene.

© 2018 IFLA-seksjonen for bibliotektilbod til barn og unge;
redaktør Carolynn Rankin. Dette verket er lisensiert under Creative Commons Attribution 4.0
International (CC BY 4.0). Gå til <http://creativecommons.org/licenses/by/4.0> for å sjå lisensen.

IFLA
P.O. Box 95312
2509 CH Den Haag
Nederland

Innhald

Innleiing.....	4
Aldersgruppe som desse retningslinjene gjeld for	4
Del A.....	5
Oppdraget og formåla til eit barnebibliotek.....	5
Oppdraget til barnebiblioteket	5
Formålet med barnebiblioteket.....	5
Leiing av barnebiblioteket.....	5
Del B.....	6
Menneskelege ressursar – ansvarsområde og kunnskap.....	6
Utdanning, utvikling og opplæring av barnebibliotekarar.....	6
Etiske standardar og verdiar	7
Finansiering, budsjettstyring og økonomikontroll.....	7
Finansieringskjelder.....	8
Partnarskap og samarbeid	8
Del C.....	9
Samlingsutvikling og -forvaltning	9
Format.....	10
Politikk for utvikling og forvaltning av samlingane.....	10
Fysiske og digitale ressursar	10
Teknologi i barnebiblioteket.....	11
Part D	11
Program og oppsøkjande verksemd	11
Del E.....	12
Korleis forme rommet og skape ein imøtekommande stad.....	12
Aldersspenn	13
Innreiing og utstyr	13
Lys	13
Skilting og vegmerking	13
Tilgangen til bibliotekområdet	14
Helse og tryggleik.....	14
Brukarsamråd – la barn og unge vere med og utforme bibliotekområdet.....	14
Del F	16
Marknadsføring og reklame	16
Del G	16
Evaluering og verknad.....	16
Litteratur.....	18

Innleiing

IFLA-seksjonen for barn og unge har revidert retningslinjene for barnebibliotek (*Guidelines for Children's Libraries Services*), som sist kom ut i 2003, for å vise kva som er mønster praksis i bibliotektenester for barn. IFLA-standardane er dokument som blir gjennomgått, offentleggjorde og jamleg oppdaterte internasjonalt, og kvart av dei er uttrykk for gjengs oppfatning av prinsipp, retningslinjer, beste praksis eller modellar for ein bestemt aktivitet eller ei bestemt teneste.

Det er stor variasjon i situasjonen for dei offentlege biblioteka rundt om i verda. For mange barnebibliotekarar vil desse IFLA-retningslinjene vere noko å strekkje seg etter i det daglege arbeidet med å skaffe dei nødvendigaste bøkene og å gi lesestøtte. Retningslinjene er ikkje eit sett reglar om korleis eit ideelt bibliotektilbod for barn i alle evnegrupper skal utformast. Dei gir vink om kva som kan la seg gjere når ein tek omsyn til den store variasjonen i sosiale, kulturelle og økonomiske forhold i utviklingsland, mellominntektsland og industriland. Kvart offentlig bibliotek har sitt publikum å tene, derfor er prioriteringane og brukarbehova ulike. IFLA-retningslinjene for bibliotektenester til barn i alderen 0–18 år kan tene som hjelp til å utvikle og forbetre bibliotektenester til barn i alle regionar i verda.

Desse retningslinjene tek til orde for å utvikle effektive bibliotektilbod til alle barn utan omsyn til evner. Dei gir derfor rettleiing til alle i biblioteksektoren om kva barn treng og har krav på når det gjeld informasjon, lese- og skriveferdigheiter og høve til å lese. Formålet er å hjelpe offentlege bibliotek til å gi barn eit fullverdig tilbod i den digitale tidsalderen og å innrette seg på at biblioteket har fått ei ny rolle i det moderne samfunnet. Debatten rundt den [globale visjonen til IFLA](#) viser at biblioteka er sterkt forplikta til kjernefunksjonane – støtte til alfabetisering, læring og lesing – og har fokus på lokalmiljøa våre. Kvalitet i og lese- og skriveopplæringa er anerkjent i visjonen for [berekraftsagendaen til FN \(Agenda 2030\)](#).

Dei reviderte retningslinjene byr på oppdatert kunnskap og fagleg innsikt for dei som planlegg eller utfører bibliotektenester og program for barn. Dei er innretta på praktiserande bibliotekarar, bibliotektilsette, bibliotekleiarar og administratorar og på studentar og førelesarar ved fakultet for bibliotek- og informasjonsfag. Retningslinjene kan tene som kunnskapsgrunnlag for avgjerdstakarar og dei som arbeider med å utforme ein bibliotekpolitikk. Informasjonen vil òg vere til hjelp for frivillige organisasjonar som støttar alfabetiserings- og leseprogram for barn og familiane deira.

Aldersgruppe som desse retningslinjene gjeld for

[Barnekonvensjonen](#) (UNCRC) definerer barnet som ein person under 18 år, og desse retningslinjene gjeld spesifikt for målgruppa 0–18 år. Dei omhandlar tenester og ressursar for spedbarn, småbarn, barn og unge. I desse retningslinjene blir uttrykket 'barnebibliotekar' òg brukt om bibliotekarar både for småbarn og unge.

Barnebiblioteket tilbyr tenester og program for alle i lokalsamfunnet i eit ikkje-kommersielt offentlig rom. Det bør inkludere alle barn utan omsyn til rase, religion, kjønn, kulturbakgrunn, sosioøkonomisk status eller mentale og fysiske evner. Det vide verkeområdet for retningslinjene gjer at det uvilkårleg vil bli overlapping med målgruppa «unge», som kan definerast som dei i aldersgruppa mellom barndom og vaksenliv. Alderssegmentet 12 til 18 blir ofte omtalt som unge vaksne bibliotekbrukarar. Segmentet kan utvidast utover 18 år. Kvart bibliotek bestemmer kven dei reknar som unge, og dette kan variere med kulturbakgrunn og land.

Det er viktig å vere klar over at barnebiblioteket ikkje er det same som eit skulebibliotek, sidan oppgåvene og måla er ulike. Det offentlege biblioteket og skulebiblioteket har som eit felles formål å gjere barn kjende med bibliotektilbodet og fremje livslang læring, men dei dekkjer ulike samfunnsbehov. Meir informasjon om skulebibliotek er å finne i [IFLA-retningslinjene for skulebibliotek](#) (2015).

Del A

Oppdraget og formåla til eit barnebibliotek

Oppdraget til barnebiblioteket

Barnebiblioteket skal vere eit informasjons-, lærings- og kultursenter som skaffar og gir meningsfylt tilgang til alders- og evnetilpassa informasjon, program og tenester på språk som er relevante for det multietniske samfunnet som barn og familiane og omsorgsgivarane deira lever i. Støtte til alfabetisering, læring og lesing er normalt rekna som avgjerande for å utføre dette oppdraget.

Formålet med barnebiblioteket

Barnebiblioteket skal tilby ressursar og tenester i ulike medium for å stette behova til alle barn, utan omsyn til alder og evner, når det gjeld opplæring, informasjon og personleg utvikling. Dette omfattar rekreasjon, fritid og støtte til helse og velvære for barn. Bibliotektilbod til barn er eit viktig verkemiddel for å utvikle og tryggje eit demokratisk samfunn ved at barnet får tilgang til eit breitt og variert spekter av kunnskap, idear og meiningar. [Barnekonvensjonen](#) (UNCRC) tilbyr støtte til å utvikle prinsipp og praksis for bibliotekverksemd retta mot barn og unge. Konvensjonen har 54 artikkelar som dekkjer alle sider ved barnelivet, og fastset sosiale og kulturelle rettar som gjeld for alle barn overalt. Barn bør få bruke biblioteka til å skaffe seg informasjon og opplæring slik dei har krav på. Bibliotekarane har ei nøkkelrolle når det gjeld å utvikle lese- og skriveferdigheiter og å informere om kor viktig dette er, og står såleis i fremste rekkje i innsatsen for å fremje barnerettane. **Lese- og skriveferdigheiter for alle** er ein del av visjonen for berekraftsagendaen til FN, [Agenda 2030](#).

Det er viktig at alle får høve til å utvikle språk-, lese- og skriveferdigheiter. Barnebiblioteket gir meningsfylt tilgang til ressursar og tenester for barn og familiane deira og er ein viktig støttespelar i arbeidet med å utvikle desse ferdigheitene.

Mål

- å leggje til rette for at kvart barn kan nytte seg av retten til informasjon, lese- og skriveferdigheiter, kulturell utvikling, livslang læring og kreative program i fritida
- å gi barn tilgang til eit breitt utval av eigna ressursar og medium
- å hjelpe barn å utvikle brukarkompetanse i digitale informasjonsmedium
- å tilby kultur- og rekreasjonsprogram retta mot lesing og alfabetisering
- å tilby varierte aktivitetar for barn, foreldre og omsorgsgivarar
- å fjerne stengsler for barn og arbeide for eit fritt og trygt barneliv
- å oppmuntre barn til å bli trygge og kompetente menneske og samfunnsborgarar
- å leggje til rette for partnerskap i lokalsamfunnet, slik at vi saman kan tilby program og tenester til alle barn og familiane deira i samfunnet, også dei i utkanten av den dominerande gruppa som kanskje står svakare økonomisk

1. Leiing av barnebiblioteket

Leining handlar om å etablere, overvake og gjennomføre politikk. Det handlar om å ha ein visjon og å vere trygg på formålet med barnebiblioteket og rolla det er sett til å spele. God leining handlar òg om å vere rettskaffen og sjå til at organisasjonen oppfyller krav til openheit og innsyn og handlar med integritet og i god tru.

For at barnebiblioteket skal kunne tilby gode nok tenester til å fylle oppgåvene sine, bør det ha støtte i lovverk og langsiktig finansiering. Leiingar av barnebibliotek bør kjenne til alt regelverk som er relevant for drifta av biblioteket, mellom anna lover om økonomistyring, personvern, HMS og vern om barnet. Tilstrekeleg finansiering er avgjerande for at barnebiblioteka skal kunne utvikle ein god politikk for tenesteyting og utnytte ressursane mest mogleg effektivt. Dette krev rett forvaltning og ansvarleg ressursbruk, som òg er kjenneteikn ved god leining. Ein politikk må setjast ut i livet for å ha reell innverknad på livet til barn og familiane deira.

Del B

Menneskelege ressursar – ansvarsområde og kunnskap

Barnebibliotekarar treng mange ulike ferdigheiter og eigenskapar, både mellommenneskeleg kompetanse, sosialt medvit, evne til teamarbeid, leiarevner og kunnskap om praksis og prosedyrar i organisasjonen dei arbeider for. Det er viktig at personalet har fagkunnskap om tilbod for barn og ei djupare innsikt i teoriar om utvikling og psykologi hos barn. Effektive og profesjonelt drivne barnebibliotek krev velutdanna og engasjerte barnebibliotekarar som kan utvikle, planleggje, organisere, gjennomføre, leie og evaluere tenester og program for å oppfylle behova til barn og familiane deira i lokalsamfunna dei skal tene. I tillegg må dei støtte barn ved å byggje ned dei hindringane ulikskapar i sosioøkonomiske forhold, kultur, privilegium, språk, kjønnsidentitet, seksuell orientering og evner inneber.

Ifølgje IFLA-seksjonen for barn og unge er den effektive og kompetente barnebibliotekaren ein person som

- forstår teoriar om barnets utvikling og psykologi, mellom anna kommunikasjon, språk, lese- og skriveferdigheiter, og kva dei inneber for bibliotektenestene
- bruker etablerte teknikkar for å fastslå behova til alle barn i lokalsamfunnet og familiane deira
- utviklar, tilbyr og evaluerer eit breitt utval av morosame og engasjerande program og aktivitetar for å oppfylle behova til alle barn i lokalsamfunnet
- demonstrerer kjennskap til og grep om aktuell barnekultur: litteratur, spel, musikk og film, barns bruk av digitalt innhald og digitale medium og anna materiale som medverkar til ei mangfaldig og relevant alt-i-eitt-samling for barn
- held seg informert om trendar i ny teknologi, den digitale verda og dei sosiale media og kva dei inneber for bibliotektilbodet til barn
- skaper eit imøtekommande og støttande miljø for barn og familiane deira der det er lett å få del i ressursane, programma og aktivitetane til biblioteket
- legg til rette for samhandling med lokalmiljøet og partnerskapsbygging
- kommuniserer og samarbeider med andre organisasjonar som leverer tenester til barna i lokalsamfunnet og foreldra deira, med sikte på å nå felles mål
- kommuniserer effektivt med barn og familiane deira
- set mål og utviklar planar og prioriteringar for barnebibliotektenesta
- samarbeider kreativt og effektivt med kollegaer om å realisere måla og prioriteringane til barnebiblioteket
- planlegg, forvaltar, kontrollerer og evaluerer budsjettressursane som er tilgjengelege for barnebiblioteket for å oppfylle tenestemåla
- praktiserer eigenvurdering, er tilpassingsdyktig og søkjer kontinuerleg vidareutdanning

Fleire eksempel på kompetanse er å finne hos The Association for Library Service to Children (ALSC), ei avdeling i The American Library Association (ALA), som anbefalar [kompetansekrav til bibliotekarar som arbeider med barn i offentlege bibliotek](#) for barn mellom 0 og 14 år. The Young Adult Library Services Association (YALSA) har publisert [kompetansekrav til bibliotektilsette som arbeider med tilbod til tenåringsar](#).

Utdanning, utvikling og opplæring av barnebibliotekarar

Kvaliteten og effektiviteten i bibliotektenestene er avhengig av fagkunnskapen til dei tilsette, og dei bør utvikle kunnskapen sin og halde seg fagleg oppdaterte til kvar tid. Som det heiter i [UNESCO/IFLA-manifestet for offentlege bibliotek 1994](#): «Bibliotekaren er eit aktivt mellomledd mellom brukarane og ressursane. Fag- og vidareutdanning for bibliotekaren er uunnverleg for å sikre tilstrekkelege tenester.»

I [Retningslinjer for fagleg utvikling: prinsipp og mønsterpraksis](#) seier IFLA at den bibliotek- og informasjonstilsette sjølv har hovudansvaret for å halde seg oppdatert på ein måte som gir auka kunnskap og ferdigheiter. Men arbeidsgivarane er ansvarlege for å tilby personalutviklingsprogram og støtte til vidareutdanning. Dette krev organisatorisk engasjement og effektiv personalpolitikk med etablerte

prosedyrar, og det må setjast av nok budsjettmidlar og tid til personallæring. Skal ein ha engasjerte, skolerte og profesjonelle barnebibliotekarar, må det vere tilbod om utdanning og opplæring på alle område av tenesta. Dette omfattar personalopplæring for å tilby kultursensitive, rettferdige tenester til alle grupper. Arbeid med barnebibliotek bør inngå i alle offentlege bibliotekutdanningar.

Etiske standardar og verdiar

Barnebibliotekarar pliktar å halde ein høg etisk standard i arbeidet med barn, familieane deira, andre tilsette og partnerorganisasjonar i lokalsamfunnet. Alle barn og unge i lokalsamfunnet bør behandlast likeverdig utan omsyn til evner og bakgrunn. Barnebibliotekarar er forplikta til likeverdig og fri tilgang til informasjon, kunnskap og tenester. Eksempel på dette er gitt i [samandraget av rapporten om den globale visjonen til IFLA](#). Dei bør demonstrere kulturell kompetanse og ikkje la personlege haldningar og meiningar vere avgjerande for kva barn i lokalsamfunnet dei tek seg av, kva program dei tilbyr, eller korleis materiell blir valt ut, vist fram og gjort tilgjengeleg for bruk.

Dei [yrkesetiske retningslinjene til IFLA](#), som styret for IFLA godkjende i 2012, blir tilbydd som ein serie etiske utkast til rettleiing for individuelle bibliotekarar og andre informasjonsarbeidarar. Dei gjeld sjølvstøtt for barnebibliotekarar og dekkjer desse områda:

- informasjonstilgang
- ansvar overfor enkeltmenneske og samfunn
- personvern, fortruleghald og innsyn
- open tilgang, åndsverk og immateriell eigedom
- nøytralitet, personleg integritet og yrkeskompetanse
- forhold til kollegaer og mellom arbeidsgivar og tilsett
- fleire eksempel og opplysningar finn du i dokumentet

Den rådgivande IFLA-komiteen for fri informasjonstilgang og ytringsfridom (FAIFE) har samla over 60 [yrkesetiske regelverk for bibliotekarar](#) frå heile verda. Desse retningslinjene blir vanlegvis vedtekne av nasjonale bibliotek- eller bibliotekarorganisasjonar og i nokre tilfelle sette i verk av offentlege instansar. Kjerneverdiane – likeverdig tilgang til nedteikna kunnskap og informasjon og immateriell eigedom – er nedfelte i [artikkel 19 i menneskerettserklæringa](#) og i [kjerneverdiane til IFLA](#).

Finansiering, budsjettstyring og økonomikontroll

Finansieringa er ei av dei største utfordringane for biblioteka, ifølgje [den globale visjonen for IFLA](#), og barnebibliotek må sørje for at avgjerdstakarane forstår kva verdi og verknad finansieringa har. Barnebiblioteket treng tilstrekkelege budsjettløyvingar for å tilby tenester og program som oppfyller behova i lokalsamfunnet. Det må takast omsyn til lokale forhold, og barnebibliotekarar må ha høve til å utarbeide eit finansieringsforslag til den øvste leiinga og til eksterne organ. Tilstrekkeleg finansiering er avgjerande for at barnebiblioteket skal lukkast, ikkje berre når eit bibliotek skal etablerast, men òg på lang sikt. Utan eit tilstrekkeleg, langsiktig finansieringsnivå er det umogleg å utvikle prinsipp for tenesteyting og gjere mest mogleg effektiv bruk av tilgjengelege ressursar. Gjennomføringa av eventuelle program eller prosjekt kan kokast ned til « Dette er ein flott idé, men korleis skal vi få råd? ». Ideelt bør dei tilsette ved barnebiblioteket samarbeide med overordna leiing om å utvikle budsjettet og sondere ansvarlege måtar å tilby kvalitetsressursar og kvalitetstenester til barn i lokalsamfunnet på.

Barnebibliotekarar bør kunne sjå kva barnebiblioteket treng, og utarbeide ein budsjettplan. For å kunne gjere det bør dei

- forstå budsjettprosessen i den overordna organisasjonen
- kjenne tidsskjemaet for budsjettssyklusen, mellom anna drifts- eller inntektsbudsjett, som vanlegvis blir sette opp på årsbasis for å finansiere dagleg drift
- vere kjende med prosessane for budsjettansvar
- kjenne nøkkelpersonell som er delaktig i budsjetteringa

Postar i budsjettplanen for barnebibliotek er mellom anna

- nye ressursar (til dømes bøker, tidskrift, leiker og leikeutstyr, multimedia og digitalt materiale, utstyr for Makerspace-aktivitetar)
- nytt utstyr (nettbrett, konsollar)
- kostnader knytte til bruk av IKT-utstyr, programvare og lisensutgifter dersom desse ikkje er inkluderte i eit generelt IKT-budsjett for det offentlege hovudbiblioteket
- forsyningar og administrativt materiale
- tilstellingar og materiale for å verve brukarar
- finansiering til program og aktivitetar
- finansiering til blest og marknadsføring
- personalopplæring og -utvikling
- lønn til tilsette
- driftsutgifter som husleige, reingjering, oppvarming og lys
- utgifter til bibliotekleiingssystem

Personalkostnader til lønn og opplæring kan vere inkluderte i budsjettet for barnebiblioteket, eller det kan passe betre å ta dei med i det generelle personaltbudsjettet for det offentlege biblioteket.

Barnebibliotekaren bør vere med på å rekne ut desse kostnadene, sidan den disponible potten til bemanning heng nøye saman med kor mange timar barnebiblioteket kan vere ope, og kva kvalitet og utval av tenester som kan tilbydast.

Det er nødvendig å overvake, evaluere og rapportere om program, tenester og initiativ. Denne informasjonen kan takast med i ein årsrapport som viser korleis budsjettet er brukt. Her vil det gå fram om det er brukt nok på ressursane i barnebibliotekprogrammet til å dekkje oppgåvene og nå dei overordna måla. Årsrapporten bør innehalde belegg på kvaliteten i bibliotektenestene og programma og kva dei har å seie for brukarfellesskapet (sjå Del G Evaluering og verknad).

Finansieringskjelder

Ei rekkje finansieringskjelder blir brukte for å finansiere offentlege bibliotek, men lokale faktorar i kvart land avgjer kor stor del som kjem frå dei ulike kjeldene. Hovudkjelda er skattlegging og rammetildelingar på lokalt, regionalt eller sentralt nivå. Biblioteka bør søkje ekstra inntektskjelder til prosjektfinansiering. Dette kan mellom anna vere gåver frå finansieringsinstitusjonar eller privatpersonar, inntekter frå forretningsaktivitetar eller brukaravgifter og støtte frå partnerorganisasjonar. Lokale bibliotek som ikkje får kommunal, regional eller statleg støtte, må sikre seg finansiering frå år til år frå andre kjelder.

Partnerskap og samarbeid

Den spreidde, opne og lett tilgjengelege infrastrukturen gjer offentlege bibliotek til ein sentral medspelar i lokalsamfunnet. Å byggje effektive og berekraftige partnerskap kan bidra til å sikre best moglege innretningar, tenester og tilbod for alle barn i lokalsamfunnet utan omsyn til evner.

Barnebibliotekarar bør samarbeide og utvikle sterke partnerskap med andre lokale etatar og interessegrupper i livslang læring og utdanning for å oppnå best mogleg deltaking og engasjement frå lokalsamfunna. Partnerskap kan vere etablerte på strategisk nivå der organisasjonar eller etatar har forplikta seg til å samarbeide for å nå felles mål. Bibliotekarar har tradisjon for å samarbeide seg imellom og med andre deltakarar og for å utvikle praksisfellesskap.

Barnebibliotekarar bør ha godt kjennskap til klientgruppene sine og arbeide for å støtte behova til dei ulike miljøa. Dei er kjende for å vere gode til å komme på talefot med grupper som er «vanskelege å nå», og å byggje gode partnerskap på grunnlag av lesing og familielæring og dei uttrykte behova i lokalsamfunnet. Kjenneteikn ved lokalsamfunnet kan endre seg over tid, men behovet for å byggje partnerskap og berekraftige nettverk er kontant. Å bestemme seg for ei tilnærming med utgangspunkt i lokalsamfunnet kan bidra til å endre måten bibliotekarar engasjerer seg på, slik at planlegging og avgjerder blir basert på samarbeid og deltaking.

Bibliotektilsette bør ha høve til å etablere partnerskap med andre grupper i samfunnet som er opptekne av barns behov. Forskingsfunn viser at bibliotektenester fell naturleg saman med arbeidet i andre institusjonar i eit lokalsamfunn, til dømes skular, ungdomsarbeid, sjukehus (legar og barnelegar) og andre helsesenter, sosialtenester, lokalt næringsliv, kultur- og kunstgrupper, frivillig sektor og andre ideelle organisasjonar. Samarbeid med kvar av desse sektorane gir stor meirverdi, særleg i samband med aktivitetar for å fremje lesing for barn og familiane deira eller å fjerne tilgangshindringar i lokalsamfunnet.

Oppsøkjande verksemd overfor partnarar i lokalsamfunnet kan gi biblioteket auka rekkevidde, kontakt med nye publikumsgrupper og fleire potensielle brukarar. Dette kan føre til at nye og forbetra tenester kan utviklast og tilbydast for å dekkje behova til barn og familiar i lokalsamfunnet. Samspel med organisasjonar i lokalsamfunnet gir barnebiblioteket høve til å

- fastslå profilen til barna i målgruppa nøyaktig
- fastslå lokalt kva medlemmene av eit samfunn med stort språkleg, økonomisk og kulturelt mangfald treng og prioriterer
- marknadsføre nye og eksisterande program, både på biblioteket og hos partnarorganisasjonane
- vere med i partnerskap som alle partnarar har fordel av

Førskular, barnehagar og andre utdanningsinstitusjonar er òg viktige partnarar for barnebibliotekaren. Barnebibliotekaren bør tilby eit spekter av spesialprogram til bruk for skular, mellom anna

- bibliotekbesøk
- orienteringsprogram
- kurs i informasjonskompetanse
- lesefremjing
- utlånstenester
- kulturprogram
- lekseklubar og leksehjelp
- forfattar-/forteljarbesøk
- rom der fagutøvarar kan møtast

Del C

Samlingsutvikling og -forvaltning

Barnebibliotek bør tilby eit utval utviklingstilpassa materiell i fleire format for å dekkje behova til alle aldersgrupper. Det er ingen allmenngyldige normer for storleiken på samlingane i barnebibliotek eller kva dei skal innehalde. Samlingane og tenestene bør omfatte alle eigna medietypar og moderne teknologi saman med tradisjonelt materiale. Materialet som er tilgjengeleg på biblioteket og på nett, bør spegle eit breitt spekter av meiningar, verdiar og synsmåtar. Alle grupper i nedslagsfeltet til det offentlege biblioteket bør vere representerte i ressursane til barnebiblioteket. Barn og familiane deira bør få vere med og velje ut materiell. Samlinga bør vere tiltalende, aktuell, i god stand og organisert på ein måte som barn intuitivt forstår.

Materialet bør vere allsidig og relevant for staden, og bør mellom anna omfatte

- materiale på alle språk som blir snakka i lokalmiljøet
- materiale som er skapt av lokale forfattarar og illustratørar
- ressursar som støttar lokale skulebehov

Dei tilgjengelege ressursane bør stå for mangfald og innehalde materiale som

- speglar inkludering, til dømes mangfald i kjønnsidentitet, evner, sosioøkonomisk bakgrunn, seksuell orientering og familiesamansetnad
- gir eit balansert bilete av kjønn og rase

Ei kjelde til samlingsutvikling, IFLAs [The World Through Picture Books](#), har eit utval av biletbøker frå heile verda, utvalde av bibliotekarar.

Det er viktig at biblioteksamlingar blir gjennomgått og utvikla fortløpande for å sikre at alle barn i nærmiljøet har eit utval av nytt kvalitetsmateriale og ressursar som både reflekterer verda og kulturen i lokalsamfunnet. Dette vil omfatte fleirkulturelt materiale og ressursar for barn med funksjonshemmingar og LGBTQ+-barn, med tema som vennskap og antimobbing. Til dømes kan ei forteljing om ein som er funksjonshemma, hjelpe eit barn med ei funksjonshemming til å sjå seg sjølv i eit positivt lys og gi alle barn innsikt i livserfaringar dei kanskje ikkje deler.

Eit typisk barnebibliotek kan innehalde materiale i desse kategoriane (lista er ikkje uttømmande):

- fiksjon og sakprosa som passar for alle aldrar
- oppslagsverk
- ressursar på primærspåket i lokalsamfunnet
- ressursar på minoritetsspråk i lokalsamfunnet
- dataspel
- leiker
- spel og puslespel
- musikkinstrument
- studiemateriell
- lydbøker
- sansemateriell
- skattekorger for spedbarn
- utstyr, verktøy og materiell for Makerspace-programmering
- utviklingslæremiddel, til dømes DVD-ar på teiknspråk eller bøker i blindeskrift, som kan sirkulere mellom biblioteket og samarbeidande organisasjonar i nærmiljøet

Format

Materiell bør tilbydast i ulike format. Formata nedanfor kan vere med i samlinga til eit barnebibliotek, men lista er ikkje uttømmande, og nye format kan komme til:

- fysiske format (trykte og elektroniske) som bøker, lydbøker, teikneseriar, blad, CD-ar, DVD-ar, videospel, materiale i blindeskrift
- digitale format som nettstrøyming av musikk, film, e-bøker, programvare til skule- og underhaldningsbruk, databasar og ressursar innan global undervisning

Politikk for utvikling og forvaltning av samlingane

Alle offentlege bibliotek bør ha ein skriftleg utforma politikk for utvikling og forvaltning av barnetilbodet, og denne bør vere godkjend av det styrande organet for bibliotektenesta. Han bør sikre ei konsekvent tilnærming til utvikling og forvaltning av biblioteksamlingane for barn. Politikken er eit planleggingsgrunnlag og vil vere til hjelp når prioriteringar skal fastsetjast, særleg når økonomiske ressursar skal fordelast. Formelle politikkerklæringar kan gjere det lettare å argumentere for biblioteket i møte med både brukarar, administratorar og løyvande instansar. Slike politikkerklæringar støttar dei uttrykte målsetjingane til organisasjonen og demonstrerer ei ansvarleg og lojal haldning til avtalte mål.

Meir informasjon om samlingsutvikling er å finne i kapittel 4 i [Den offentlege bibliotektenesta: IFLA/UNESCO-retningslinjer for utvikling](#) (2001).

Fysiske og digitale ressursar

Dei fysiske og digitale ressursane til eit barnebibliotek omfattar innretningar, utstyr og ressursamlingar. Om mogleg bør ressursar kunne lastast ned. Biblioteknettstader og digitale innhaldsprodukt bør vere i samsvar med [WCAG 2.0 \(Web Content Accessibility Guidelines\)](#). Det er god praksis å be folk som bruker adaptiv teknologi, om å teste kor godt utstyr og tenester fungerer.

Barnebibliotek bør vurdere å gå saman med eit spesialbibliotek for lesehemma om å gjere tilleggsmateriale tilgjengeleg for barn på biblioteket eller å tilby alternativ som levering på døra. Desse biblioteka kan òg tilby spesialdesigna, fullt tilgjengelege bibliotekskatalogar og digitale innhaldsprodukt.

Teknologi i barnebiblioteket

Bibliotekarar kan fremje digitale lese- og skriveferdigheiter for barn og unge. Barnebibliotek er potensielt godt skikka til å dra fordel av ny teknologi som kan støtte lese- og skrivebehov. For dei fleste barn betyr teknologi spenning, underhaldning og moro. Biblioteket bør vere ein plass der barn både kan bruke teknologi, få tilgang til ressursar og informasjon og lære å vurdere slik informasjon kritisk. Foreldre, omsorgsgivarar og undervisningskrefter bør få tilbod om rettleiing i korleis dei kan velje og bruke teknologi på ein trygg måte for å bygge opp under dei gryande ferdigheitene til barna, og korleis dei kan bruke teknologi som biblioteket tilbyr. Forsking kan vere nødvendig for å forstå den digitale kompetansen til barn og unge og for å setje i verk eigna lese- og skriveopplæringsprogram.

Bibliotekarar bør arbeide for biblioteket som ein trygg stad og rettleie barn, unge, foreldra deira og omsorgsgivarar i korleis dei kan vere trygge på nettet. Bibliotektilsette bør ha kunnskap og ferdigheiter til å leggje til rette for bruk av digitale medium. «Spørsmål og svar»-delen i [Erklæring om sosiale medium, barn og vaksne på biblioteket – tryggleik, personvern og oppførsel på nettet](#) gir rettleiing. Digitale lese- og skriveopplæringsprogram og øvingsprogram kan vere med og lære barn om emne som falske nyheiter, netthets, hatkampanjar og utskjelling.

Barnebiblioteket bør utstyrt med IT-innretningar i tilsvarande omfang som vaksendelen av biblioteket. Opne katalogar med offentleg tilgang (OPAC), multimediale arbeidsstasjonar, arbeidsstasjonar med Internett, nettbrett og eit utval av programvare (for bruk i biblioteket og til utlån) bør vere tilgjengeleg. Biblioteka er ofte ein viktig sosial møtestad for internettilgang med høg fart. Bibliotekarane må vurdere dei juridiske sidene ved internettilgang for barn som er relevante i deira respektive land.

Datamaskiner, andre digitale einingar og gratis internettilgang kan tette ei vesentleg luke for dei som ikkje har desse ressursane heime. Barn som ikkje har internettilgang heime, kan laste ned materiale til si eiga digitale eining eller låne ei eining der bøker er ferdig innlasta. Om mogleg bør nedlastbart materiale vere kompatibelt med populære einingar som smarttelefonar og nettbrett med innebygde tilgangsfunksjonar. Desse einingane reduserer behovet for meir spesialisert teknologi og kan dessutan sikre at barn med funksjonshemmingar får internettilgang. Bibliotek med «lage»-teknologi (til dømes 3D-skrivar) kan brukast til å produsere tilgjengeleg programmateriale.

Part D

Program og oppsøkjande verksemd

Effektiv programutvikling og oppsøkjande verksemd er nødvendig for å spegle befolkningsendringane og mangfaldet i nærmiljøet. Då må ein forstå korleis lokalsamfunnet er samansett demografisk.

Barnebibliotekarar kan vise engasjement for mangfald, inkludering og sosial rettferd i arbeidet overfor nærmiljøa ved å yte tenester, program og ressursar som speglar dei særskilde behova til desse miljøa, og ved å lytte til nærmiljøet og engasjere seg i det som skjer der. Det er viktig at bibliotekarar observerer og lyttar til kundane og planlegg tenester som passar til behova deira.

Offentlege bibliotek har eit spesielt ansvar for å støtte prosessen med å lære å lese og for å fremje bøker og andre medium for barn. Barnebiblioteket er ein stad der barn kan oppleve gleda ved å lese og spenninga ved å oppdage fiksjon og fakta. Barn, foreldre og omsorgsgivarar bør få hjelp til å utnytte biblioteket best mogleg og til å utvikle ferdigheiter i bruken av trykte og elektroniske medium. For barnebiblioteket er lesarutvikling ein aktiv intervensjon for å gi barn auka sjølvtilit og leseglede og ein arena for å dele leseopplevingane sine. Barnebiblioteket bør tilby eigne tilstellingar for alle barn utan

omsyn til evner, mellom anna historieforteljning og aktivitetar knytte til tenestene og ressursane i biblioteket. Det er òg viktig å engasjere barn og unge i samskaping av aktivitetar som leseklubbar, rettleiarordningar og såkalla nettdugnader («crowdsourcing»).

Aktuelle aktivitetar og program kan vere

- program for bibliotekorientering
- aktivitetar for informasjonskompetanse og familielesing
- lesefremjing og lesarutvikling
- utlånstenester
- leseklubbar
- kulturprogram
- lekseklubbar
- forfattarbesøk og forteljartilstellingar
- LGBTQ+-program med dragdronningbesøk eller regnbogeinnslag
- rimetime for spedbarn og småbarn
- handverksaktivitetar
- kodeklubbar og tilstellingar
- Makerspace-aktivitetar
- kreativ leik
- musikk- og drama-hendingar

I den oppsøkjande verksemda bør biblioteket ha tilbod til alle medlemmer av lokalsamfunnet, også barn med funksjonshemmingar, immigrantar, flyktingar og dei som har fått livet stigmatisert. For å inkludere flest mogleg bør biblioteket informere organisasjonar for funksjonshemma om tilgjengelege samlingar og tenester på biblioteket og engasjere dei i programutvikling og oppsøkjande verksemd. Barnebibliotekarar kan nå fram til undervisarar, som ofte er dei første til å identifisere barn med lærevanskar som [dysleksi](#) eller autisme. Informasjon om slike tenester bør stå på nettsida til biblioteket og på brosjyremateriell. Alle program og aktivitetar bør vere inkluderande, sidan det ikkje alltid er opplagt om eit barn i publikum har ei funksjonshemming.

Del E

Korleis forme rommet og skape ein imøtekommande stad

Barnebiblioteket må ha tilstrekkeleg plass i det offentlege biblioteket. I bibliotekbygningar som rommar tilbod for alle aldersgrupper i lokalsamfunnet, bør barn få ein passende del av det samla bibliotekarealet. Ideelt sett bør eit barnetilbod ha sitt eige område i bibliotekbygningen. Barneområdet bør vere lett å kjenne att og lett å skilje frå dei andre delane av biblioteket.

Arealet til barnebiblioteket må vere godt disponert for å dekkje kjende og framtidige behov. Det er ein ressurs som bibliotekstaben må forvalte på linje med samlingar, personale og økonomi. I tillegg til å oppfylle behova til ulike aldersgrupper må rommet vere tilrettelagt for ulike typar aktivitetar – til dømes enkeltpersonar som «berre kikkar» eller studerer; familiar eller grupper tenåringar som bruker rommet sosialt; større tilstellingar som historieforteljning, rimetime for spedbarn og småbarn, lekseklubbar og forfattarpresentasjonar. Biblioteka har som mål å tiltrekke seg barn og unge ved å tilby eit utval tenester og innretningar som appellerer til den aktuelle aldersgruppa. Mellom anna må det fysiske rommet vere tiltalende, og biblioteket bør vere er ein innbydande, attraktiv, utfordrande og vennleg plass å besøkje for barn i alle aldrar. Barnebiblioteket er ein plass å møtast, leike og kommunisere. Det bør vere ein trygg, støttande og imøtekommande stad som legg til rette for å utveksle ulike idear. Ein innbydande atmosfære

og god design oppmuntrar barn til å bruke alle bibliotekressursane, til å lese og til å bli verande på biblioteket. Eksponering for språk og litteratur begynner med bøker og lesing, så det trengst rom der barn kan vere saman med bøker og høyre på historier.

Det er ingen universelle normer for storleiken og utforminga på bibliotekinnretningar for barn. Dette bør vurderast i planlegginga av lokalitetar for barn:

- sentral plassering, helst i første etasje
- eigna utforming for aldersgruppa brukarane høyrer til
- eigna utforming for alle bibliotekbrukarar, også dei med spesielle behov
- tilstrekkeleg areal til å romme samlinga av bøker, aviser, blad og ikkje-trykte ressursar og til oppbevaring, leseområde, arbeidsstasjonar for data, utstillingsområde og arbeidsområde for bibliotektilsette
- fleksibilitet til å tillate ei rekke aktivitetar; arealet bør kunne brukast og ominnreist til mange ulike aktivitetar, mellom anna musikk, leik, forteljetime, uavhengig læring og arbeidsstasjonar for å utvikle digital kompetanse
- passande skilting og vegmerking
- plass til barnestell som amming og bleieskift
- familievennlege og unisex-toalett
- støyfaktorar tilpassa alderssegmentet
- passande og tilstrekkeleg lys, naturleg og/eller kunstig
- passande romtemperatur (til dømes luftkondisjonering, oppvarming) for å sikre gode arbeidsforhold året rundt
- rom og innreiing i samsvar med sikkerheitsforskrifter for barn

Aldersspenn

Barn er ikkje ei homogen målgruppe. Ferdigheiter, anlegg, talent og behov varierer med alderen og med kulturell, sosiologisk og økonomisk bakgrunn. Planløysing og innreiing i biblioteket må vere deretter. Sidan barnebiblioteket er for menneske med stor variasjon i alder og evner, frå spedbarn til unge vaksne, bør arealet og innreiinga vere tilpassa svært ulike behov.

Utforming av areal for barn og unge krev kunnskap og ferdigheiter i bibliotekfaget. Viktigast er kunnskap om vanar og informasjonsbehov. Det er utfordrande å gjere rommet interessant for alle aldersgrupper i ungdomsspekteret. Kva dei ønskjer seg og forventar av bibliotektilbodet, heng saman med livserfaringane og samfunns-, utdannings- og kulturbakgrunnen deira. Etter kvart som barna veks til og blir meir sjølvstendige og interesserte i å vere saman med andre, blir utfordringa å skape innbydande rom i biblioteket for nettverksbygging, sosialisering og leseopplevingar.

Innreiing og utstyr

I barnebiblioteket er det viktig at det fysiske rommet er innbydande, og komfort er eit sentralt omsyn. Møblement og utstyr bør vere solid nok til å tole energisk bruk, ettersom det vil bli utsett for ein god del slitasje. For tenåringar er komfortable møblar som sofaer, salongbord og saccoeskar svært populært. Ved jamleg å forandre på kva som er å sjå og finne på ulike plassar i området, skaper ein større valfridom og gjer bøker og anna materiale tilgjengeleg for alle bibliotekbrukarar.

Lys

Lyset har mykje å seie for korleis rommet kjennest og ser ut, og det er ein fordel å bruke det beste som er av både dagslys og lampelys. Dei fleste likar å lese i naturleg lys, og plassar for studium og refleksjon krev ikkje like mykje lys. Stemmingslys av ulike slag er populært i område for tenåringar.

Skilting og vegemerking

Skilta i barnebiblioteket er ein avgjerande del av kommunikasjonen med brukarane. Skilt med vennleg tekst på språket i lokalsamfunnet gjer at alle kjenner seg meir velkomne. Skilting som gir barn visuelle og

tekstlege vink, til dømes piktogram, om kva dei kan finne, bør vere eit sterkt designelement. Skilting i Makaton (eit språkprogram som bruker teikn og symbol til å lære kommunikasjon, språk og leseferdigheiter) kan vere med og gi alle barn og familiar full tilgang til ressursane.

Tilgangen til bibliotekområdet

Lokalitetane bør vere universelt utforma og tilgjengelege for alle.

Helse og tryggleik

Barnebiblioteket må vere ein trygg plass, og dei tilsette bør vere kjende med det lokale regelverket for helse og tryggleik.

Brukarsamråd – la barn og unge vere med og utforme bibliotekområdet

Det er viktig å la brukarane vere med og utvikle og planleggje nye bibliotek. Nytenkjande bibliotekarar bør ta barn og unge med på råd om korleis bibliotekområdet kan utformast.


Det danske [modellprogrammet for folkebibliotek](#) – eit eksempel på innovativ design og mønsterpraksis

Dei danske bibliotek- og informasjonsvitarane Dorte Skot-Hansen, Henrik Jochumsen og Casper Hvenegaard Hansen har utvikla ein modell for å beskrive korleis folkebiblioteket kan gjerast om frå eit passivt samlingsbasert område til ein meir attraktiv plass for oppleving og inspirasjon og eit lokalt treffpunkt. Modellen består av fire delvis overlappende «rom»: inspirasjonsrommet, lærerommet, møterommet og utøvingsrommet. Det overordna målet med dei fire romma er å støtte desse fire måla for det framtidige folkebiblioteket:

- erfaring
- innovasjon
- myndiggjering
- engasjement

Dei fire romma er ikkje rom i fysisk forstand, men må forståast som uttrykk for kva som kan realiserast i det fysiske biblioteket og i kyberrommet.

The four spaces of the public library



The four spaces of the public library	Dei fire romma i folkebiblioteket
EXPERIENCE	ERFARING
INNOVATION	INNOVASJON
EMPOWERMENT	MYNDIGGJERING
INVOLVEMENT	ENGASJEMENT
Inspiration space	Inspirasjonsrom
Performative space	Utøvingsrom
Learning space	Lærom
Meeting space	Treffpunkt
Excite	Inspirere
Explore	Oppdage
Create	Forme
Participate	Delta

Modellen kan brukast

- som eit hjelpemiddel til å innreie, ominnreie, teikne og byggje bibliotek
- som eit hjelpemiddel til å utvikle bibliotek, til dømes gjennom partnerskap
- som eit leiings- og kommunikasjonsverktøy i samband med utarbeiding av retningslinjer og planar for bibliotek
- som eit verktøy til å formidle rolla til biblioteket til (lokale) politikarar
- som eit utgangspunkt for å diskutere korleis folkebiblioteket kan bidra til å vidareutvikle eit demokratisk samfunn

Del F

Marknadsføring og reklame

Barnebibliotekarar bør vere sterke talspersonar for bibliotek på nasjonalt og regionalt leiarnivå og dokumentere kva verknad og verdi dei har når det gjeld å forsterke lese- og skriveferdigheiter. Barnebibliotekarar er fokuserte på nærmiljøet og kan engasjere barn og unge i å drive PR for ressursar og tenester. Lesing og skriving er livsviktige ferdigheiter i det 21. hundreåret, og verdien av dei må stadig forsterkast. Barnebibliotekarar kan bruke marknadsføringsteknikkar for å finne ut kva brukarane treng, og for å planleggje effektivt korleis desse behova kan oppfyllest. Biblioteket bør òg fremje tenestene og ressursane sine overfor barna og lokalsamfunnet. Barn og unge kan oppmuntrast til å hjelpe å drive PR for bibliotektenester og ressursar som er av interesse og verdi for dei, og dei kan oppmuntrast til frivillig innsats.

Marknadsføring er å sjå på førehand og oppfylle behova til kundane. Det er òg å nå fram til kundane og knyte kontaktar. Dei bibliotektilsette må vise initiativ og kreativitet for å nå ut til grupper og individ som ikkje har tradisjon for å bruke biblioteket, eller der det ikkje er nokon lesekultur. Barnebiblioteka bør drive proaktivt oppsøkjande arbeid og ikkje vente på at dei med udekte behov skal komme til biblioteket.

Det er viktig for barnebiblioteket å utarbeide ein plan for å fremje og marknadsføre bibliotekressursane på den måten som treffer målpublikummet best. Dette kan mellom anna vere

- positiv bruk av trykte, elektroniske og kommunikative medium
- bruk av sosiale medium til å få kontakt med barn, unge og familiar
- framsyningar og utstillingar
- effektiv skilting og vegmerking inne og ute
- jamlege publikasjonar og utarbeiding av ressurslister og pamflettar
- lese- og skrivekampanjar og forfattarbesøk
- utvikling av kampanjar tilpassa barn med fysiske og sensoriske funksjonshemmingar
- bokmesser
- årlege bibliotekveker og andre kollektive publikumsframstøytar
- offentlege foredrag og kontakt med grupper i lokalsamfunnet

Lista er ikkje uttømmende, og andre marknadsførings- og reklameaktivitetar kan leggjast til slik forholda på staden tilseier.

Del G

Evaluering og verknad

Evaluering er ein grunnleggjande og viktig del av det å levere bibliotektenester og eit avgjerande innslag i planleggingsprosessen. Det er ei tilbakevendande oppgåve som begynner med strategi og planlegging, og det krev investering av tid og pengar. Evaluering kan brukast til å forbetre program og tenester og tene som kunnskapsgrunnlag for prinsippdiskusjonar dersom den rette dokumentasjonen blir innsamla og analysert. Dette må sjåast i samanheng med førehandsdefinerte mål og resultat. Evaluering av tilbodet og programma til barnebibliotek kan vise om desse fungerer godt nok for barna i lokalsamfunnet. Når evalueringsprosessen tek til, bør biblioteket allereie ha eit visjonsdokument som er i samsvar med oppdrag og verdiar. Det er ein fordel å setje opp ein plan for evalueringa som skisserer måla, spørsmåla ein søker svar på, og kva type informasjon og bevis som skal innhentast.

Brukarundersøkingar og studiar i biblioteket for å kartleggje behov og vanar kan brukast i ulike fasar. Første steg er å slå fast kva som skal oppnåast, og det er viktig å bestemme kva som skal reknast som bevis, og kvifor. Både kvantitative og kvalitative mål bør brukast for å avgjere kor vellukka program og tenester for barn er.

[Samandraget den globale visjonsrapporten for IFLA](#) seier at bibliotek er i stand til å forstå behova i lokalmiljøet betre og utforme tenester som verkar. Biblioteka må sikre at aktørane og lokalsamfunna forstår verdien og effekten av barnetilboda. Effekten av eit program eller ein metode kan evaluerast med sikte på å finne ut kva verknader ein intervensjon har hatt. Denne typen evaluering fokuserer på kva resultat eller effekt tenestene og programma har på barn og lokalsamfunn. Det finst ei rekkje internasjonale standardar som gjeld i bibliotek- og informasjonssamanhengar. [ISO 16439:2014 *Methods and procedures for assessing the impact of libraries*](#) gir rettleiing for bibliotek om metodar for å evaluere kva verknad og verdi eit bibliotek har. Standarden blei utarbeidd som svar på ein internasjonal etterspørsel etter spesifikasjonar for verknadsevaluering i bibliotek.

Nokre praktiske spørsmål må vurderast når ein skal setje opp ein evalueringsplan for barnebibliotekprogrammet:

- Kva skal evaluerast?
- Kva typar bevis er det behov for?
- Kva er beste tida for å utføre evalueringa?
- Kva kriterium skal brukast for å bedømme programeffekten?
- Kva standardar for kriterieoppfylling må oppnåast for at programmet skal reknast som vellykka?
- Kor lett er det å gjenta prosessen dersom det skal gjerast samanlikningar over tid?
- Kva konklusjonar om programeffekten kan trekkjast på grunnlag av dei tilgjengelege bevisa?
- Korleis skal ein reagere på funna for å få i stand endring?

I [Biblioteka og berekraftsmåla: ei handbok i historieforteljing](#) gir IFLA ei rettleiing som bibliotekarar og bibliotekforkjemparar kan bruke i arbeidet sitt. Handboka byr på eit digitalt rom for å dele historia om aktivitetane, prosjekta og programma i barnebiblioteket og verknaden dei har hatt på lokalsamfunnet, og korleis dette medverkar til FN's berekraftsmål (SDG).

Litteratur

Denne lista inneholdt kjelder som det er vist til i IFLA-retningslinjene for bibliotektenester for barn i alderen 0–18 år.

ALA Competencies for Librarians Serving Children in Public Libraries (2015)

Tilgjengeleg på: <http://www.ala.org/alsc/edcareers/alsccorecomps>

IFLA Access to libraries for persons with disabilities - Checklist / By Birgitta Irvall and Gyda Skat Nielsen. The Hague, IFLA Headquarters, 2005. (IFLA Professional Reports: 89)

Tilgjengeleg på: <https://www.ifla.org/files/assets/hq/publications/professional-report/89.pdf>

IFLA Code of Ethics for Librarians and other Information Workers (2012)

Tilgjengeleg på: <http://www.ifla.org/files/assets/faife/news/IFLA%20Code%20of%20Ethics%20-%20Short.pdf>

IFLA The Public library service: IFLA/UNESCO guidelines for development / [International Federation of Library Associations and Institutions]. 2001. Ed. for the Section of Public Libraries by Philip Gill et al. München: Saur. (IFLA publications; 97)

Tilgjengeleg på: <http://www.ifla.org/files/assets/hq/publications/archive/the-public-library-service/publ97.pdf>

IFLA Global Vision Report Summary: Top 10 Highlights and Opportunities (2018)

Tilgjengeleg på: <https://www.ifla.org/files/assets/GVMultimedia/publications/gv-report-summary.pdf>

IFLA Guidelines for Continuing Professional Development: Principles and Best Practices (2016)

Tilgjengeleg på: <https://www.ifla.org/files/assets/cpdwl/guidelines/ifla-guidelines-for-continuing-professional-development.pdf>

IFLA Guidelines for Library Services to Persons with Dyslexia - Revised and extended 2014

Tilgjengeleg på: https://www.ifla.org/files/assets/lsn/publications/guidelines-for-library-services-to-persons-with-dyslexia_2014.pdf

IFLA Libraries and the Sustainable Development Goals: A Storytelling Manual (2018) Available at:

Tilgjengeleg på: <https://www.ifla.org/files/assets/hq/topics/libraries-development/documents/sdg-storytelling-manual.pdf>

IFLA School Library Guidelines (2015)

Tilgjengeleg på: <https://www.ifla.org/files/assets/school-libraries-resource-centers/publications/ifla-school-library-guidelines.pdf>

IFLA Statement on Social Media, Children and Young Adults @the Library - Safety, Privacy and Online Behavior (2015)

Tilgjengeleg på: https://www.ifla.org/files/assets/libraries-for-children-and-ya/publications/social_media_children_and_young_adults.pdf

IFLA The World Through Picture Books (2015)

Available at: <https://www.ifla.org/node/6718>

International Standard (ISO) 16439 2014 *Information and Documentation: Methods and Procedures for Assessing the Impact of Libraries*. London: British Standards Institution

Tilgjengeleg på: <https://www.iso.org/standard/56756.html>

United Nations (2015) Transforming our world: The 2030 agenda for sustainable development.

Tilgjengeleg på: <https://sustainabledevelopment.un.org/post2015/transformingourworld>

United Nations Convention on the Rights of the Child

Tilgjengeleg på: https://downloads.unicef.org.uk/wp-content/uploads/2010/05/UNCRC_united_nations_convention_on_the_rights_of_the_child.pdf?ga=2.85656529.912118185.1528787806-357630985.1527926324

Universal Declaration of Human Rights

Tilgjengeleg på: https://www.ohchr.org/EN/UDHR/Documents/UDHR_Translations/eng.pdf

Young Adult Library Services Association (YALSA) Teen Services Competencies for Library Staff

Tilgjengeleg på:

http://www.ala.org/yalsa/sites/ala.org.yalsa/files/content/YALSA_TeenCompetencies_web_Final.pdf

Kontaktperson for gjennomgang og konsultasjon: Dr.Carolynn Rankin,
carolynn.rankin@gmx.co.uk